



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 24.10.2025

Vår ref.: 202320108-16 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Sofie Moe Knudsen,

smk@nve.no

Høyring av konsesjonssøknad og detaljplan for oppgradering av Ørsta transformatorstasjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Statnett SF for oppgradering av Ørsta transformatorstasjon i Ørsta kommune i Møre og Romsdal. Vi har også teke imot forslag til detaljplan for bygging av anlegga. Tiltaket inneber ei utviding av eksisterande stasjonsareal, ei ny transformatorcelle og justering av traseen til 420 kV leidningen mot Sykkylven. Tiltaket inneber òg etablering av eit nytt kaihakk i Sæbø og ras- og flaumsikring nordaust for stasjonen.

Søknaden og detaljplanen er tilgjengelege på NVE sine internettsider www.nve.no/25757/A.

Høyringsfråsegn kan sendast til NVE innan 24. november 2025

Gjennom høyringa av konsesjonssøknaden og detaljplanen ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane, om konsekvensane er godt nok utgreia og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Høyringspartar kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202320108 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Om fråsegna er lang, oppfordrar NVE høyringspartane til å sjølv skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett, så framti dei ikkje inneheld teiepliktig informasjon.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Informasjon til Ørsta kommune

Vi ber om at Ørsta kommune legg ut søknaden og detaljplanen til offentlig ettersyn. Vi ber vidare kommunen leggje søknaden ut på sine internettsider og ev. sosiale medium, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden. NVE vil kunngjere høyringa i aktuelle aviser.

Søknaden

Statnett søker om konsesjon i medhald av energilova for oppgradering av Ørsta transformatorstasjon. Tiltaket inneber i hovudsak ei utviding av eksisterande stasjonsareal med omkring 600 m², ei ny transformatorcelle med grunnflate på ca. 340 m² og høgde ca. 12 meter og justering av traseen til 420 kV leidningen mot Sykkylven over ein strekning på om lag 450 meter. Statnett søker òg om eit nytt kaihakk i Sæbø for transportering av den nye transformatoren og tiltak for ras- og flaumsikring nordaust for stasjonen. Tiltaka er illustrert i karta nedst i dette brevet.

Statnett skriv at bakgrunnen for søknaden er at det er stor pågang av kundar i regionalnettet mellom Ørskog og Ørsta og at tiltaka dei søker om vil bidra til ny næringsverksemd og betre forsyningstryggleik i området.

Detaljplanen

Detaljplanen som Statnett har utarbeida er eit forslag til korleis anleggsarbeida skal gjennomførast for å oppfylle krava i ein eventuell konsesjon. Detaljplanen konkretiserer også korleis anlegget skal byggjast og drivast slik at miljø og landskap blir vareteke best mogleg. Normalt blir detaljplan utarbeidd etter at konsesjon eventuelt er gjeve. For å redusere ledetida for nye nettanlegg, har NVE innført samtidig behandling av konsesjonssøknad og detaljplan for enkelte typar anlegg.

Detaljplanen må vere godkjend av NVE før anleggsarbeida kan starte.

Spørsmål om saka?

Spørsmål om planane kan de rette til Statnett v/Lars Størset, tlf +47 906 88 740 eller lars.storset@statnett.no. Opplysningar om NVE si sakshandsaming kan de få ved å kontakte NVE på e-post: smk@nve.no.

Med helsing

Tor Carlsen
fagleiar

Sofie Moe Knudsen
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

Volda/Ørsta Skogeigarlagv/ John Kåre Mo
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
Havforskningsinstituttet
ØRSTA KOMMUNE
Forsvarsbygg
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
TELIA NORGE AS
TELENOR NORGE AS
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Kystverket
AVINOR AS
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
DNT SUNNMØRE
Fiskeridirektoratet
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Sunnmøre Friluftsråd
Møre og Romsdal Bondelag
Fortidsminneforeningen i Møre og Romsdal
FISKEBÅT
Fiskerlaget Sør
NORGES LUFTSPORTFORBUND
MOTVIND NORGE
Møre og Romsdal Natur og Ungdom
Pelagisk forening
LINJA AS


Kopimottakarliste:

STATNETT SF



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat




Kart 1 Oversiktskart og situasjonsplan over tiltaksområdet. Kjelde: Statnett.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Kart 2: Kaihakk ved Hotell Sagafjord, anleggsområde (raudt), transportveg (grå) og riggområde (gul). Grønstipla strek er forslag til ny eigedomsgrense. Kjelde: Statnett.